



Kulturdepartementets nynorskpris for journalistar
Årsrapport 2012

- Prisar som dette gjev nynorsken klientstatus

Kulturdepartementet sin nynorskpris for journalistar i 2012 vart delt mellom journalist Katrine Sele i Firda og kultur- og debattredaktør Hilde Sandvik i Bergens Tidende. Kvar av dei fekk 25.000 kroner og eit grafisk trykk av Per Kleiva.

- Nynorskbrukarar vert oppfatta som klientar som staten skal vere grei med. Prisen vi får i dag er med på å gje nynorsken klientstatus. Eg, som nynorskjournalist, får klapp på skuldra frå Kulturdepartementet for å halde noko i hevd, så vidt det er, sa Hilde Sandvik då ho takka for prisen. Danskfødde Katrine Sele kjende det som ei stor ære å få ein nynorskpris for journalistar. – Nynorsken flytta inn i meg etter at eg vart journalist i Sogn og Fjordane, der det meste går føre seg på nynorsk, sa Sele.



Katrine Sele og Hilde Sandvik under prisutdelinga i Aasantunet. (Foto: NRK/Hans-Olav Rise).

Det var leiaren for juryen, Gry Molvær, som delte ut prisen til Katrine Sele og Hilde Sandvik under Dei nynorske festspela i Ørsta 29. juni.

- Katrine Sele arbeider som både nyhende- og kulturjournalist i Firda. Spesialiteten hennar er lange kulturreportasjar, ei blanding av reportasje, kulturartikkel og kommentar. Testane byggjer alltid på eit grundig arbeid på førehand. Ho skriv ofte om folk som til vanleg ikkje kjem til orde i media. Snakkar med masse folk, har gode kjelder og stiller spørsmål som vi ikkje visste at vi lurde på. Tekstane lever vidare i tankane i lang tid etterpå, og ho er ikkje redd for å vekke debatt, refererte Molvær frå juryen si fråsegn.

Der står det også at Katrine Sele er eit godt døme på at bokmålsfolk kan bli gode nynorskbrukarar, om dei vil, kan og må - og at det er viktig med sidemålsundervising i skulen. Språket hennar er enkelt og godt å lese, ho arbeider med det og har utvikla sin

eigen tydelege "signatur". Det er lett å kjenne att det Katrine Sele har skrive, seier juryen.

Hilde Sandvik er kultur- og debattredaktør i Bergens Tidende. Ho skriv alltid nynorsk i kommentarane sine, og dei set stadig oftare dagsorden både for debattar i sosiale media og i debattprogram i radio og fjernsyn.

- Sosiale media har opna ein heilt ny arena for kommentarstoff, og her har Hilde Sandvik skapt eit stort og godt rom ikkje berre for seg, men også for nynorsken, fordi ho vert brukt i ulike program. Berre i løpet av dei siste månadane har ho skapt stor debatt med fleire kommentarar, sa Gry Molvær.

Juryen ser på Hilde Sandvik er ein uredd debattant, som går til åtak utan nåde når det trengs og som gjer klart og tydeleg greie for argumenta sine. Ho brukar gjerne personlege anekdotar for å belyse viktige saker, og skriv ofte nære og gripande kommentarar som er til inspirasjon for samkjensla i oss, skriv juryen.

- Nynorsken har flytta inn i meg

Med dansk mor og ein far som var riksmålsmann, oppvekst i Bærum, Zimbabwe og Singapore, vart Katrine Sele fødd så langt borte frå nynorsken som det er råd å kome. Som barn hadde ho inntrykk av at det var eit språk for litteraturen og Dagsrevyen.

Kjærleiken førde henne til Sogn og Fjordane, der ho fekk jobb i lokalavisa Firda. Ho minnest mange pinlege feil og at det var vanskeleg. Artiklar kom i retur frå lesarane, med raude merke.

- Men i Sogn og Fjordane føregjekk det aller meste rundt meg på nynorsk. Kommunale sakspapir, rutetabellar, politiloggar, radiobulletengar: Språket møtte meg i alle samanhengar, og viste seg å kunne brukast til alt mogeleg, sa Sele i takketalen. Ho oppdaga mange flotte ord, som gjorde henne begeistra, og for ein musikk det var i nynorsken!

- Etter ei tid merka eg at språket hadde flytta inn i meg. Nynorsken vart ein del av meg, på lik linje med bokmål, dansk og engelsk. Den har gjeve meg utruleg mykje, som brukar av både nynorsk og bokmål, kjenner eg meg sterkare forankra i norsk historie og kultur, sa Katrine Sele.

Klientstatus

Den andre prisvinnaren, Hilde Sandvik, fortalde om ei verd der ho ikkje har anna val enn å skrive bokmål til tider. Mellom anna samarbeider Bergens Tidende med Aftenposten om stoff, og intervju som skal brukast der må vere på bokmål.

- Å vere nynorskjournalist inneber at eg har fått eit skriftspråk som gjer at eg tenkjer meg om. At eg ikkje har skifta skriftspråk skuldast kanskje at eg er sta, men meir - at sjølve språket er eit utsynspunkt å tenkje og sjå frå, sa Sandvik.

Ho meiner det er ein viktig posisjon å ha i det sentraliserte Noreg, der det går føre seg ei kulturell einsretting med hovudstaden som sil, for kultur, meining og livssyn, som skaper avmakt andre stadar i landet. Sandvik meiner det kulturelle mangfaldet er eit strigla og styrt mangfald. - Nynorsken representerer det mangfaldet som ikkje slepp til. Då kulturrådsdirektør Anne Aasheim var redaktør for Østlandssendingen rekrutterte ho folk med innvandrarakgrunn, men grensa gjekk med innvandrarak som snakka nynorsk. Når ein skal sosialisera inn, må ein med andre ord gjere det på den godtekniske måten, sa Sandvik.

- I det styrte mangfaldet blir det farleg å operere på eiga hand. Det styrte mangfaldet skaper klientar, som oppfatta og oppfører seg som klientar. Nynorskbrukarak blir oppfatta som klientar som staten skal vere grei med. Prisen vi får i dag er med på å gje nynorsken klientstatus. Eg, som nynorskjournalist, får klapp på skuldra frå Kulturdepartementet for å halde noko i hevd, så vidt det er. Det tyder på at eg på eitt eller anna vis har spelt med. Spelar ein ikkje med får ei ingenting, sa Sandvik.

Sandvik var ikkje utakknemleg for prisen, men ho meite ein må revurdere grunnlaget for siling av mangfald og gje til dei som gjer opprør. At ein må tenkje større tankar, strekke seg til å gjere det ingen andre kan gjere. – Ein av desse store tankane er å ta vare på det norske språket. Med det som utgangspunkt er det ikkje grenser for kor mange prisar ein kunne ha delt ut. Ikkje til klientar, men til myndige borgarak, sa Sandvik.

- Kva hadde skjedd om Harald Stanghelle i Aftenposten og Elisabeth Skarsbø Moen i VG hadde skrive på morsmålet sitt, nynorsk? Ja, kva hadde skjedd då ? spurde Sandvik og la til: - Kjære stat, som har finansiert denne prisen. Noreg nyttar ikkje høvet til å bli eit mangfaldig land. Høvet er der, utfordra Hilde Sandvik.

Heile fråsegna frå juryen og takketalane til dei to prisvinnarane finn de til slutt i denne rapporten.

Debatten etterpå



I samband med prisutdelinga i Aasentunet brukar det å vere ein debatt/samtale om nynorsk i media. I år tok samtalen utgangspunkt i kronikken Hilde Sandvik skreiv i Bergens Tidende 28. januar 2012: Kjærleikens sørgereise. Ho skreiv etter den oppheta debatten om nynorsk som sidemål, og tittelen på samtalen var henta frå denne kronikken: - Frå no av er det personleg.

Dei to prisvinnarane, Hilde Sandvik og Katrine Sele, var med i panelet, saman med debattredaktør i VG Elisabeth Skarsbø Moen og redaktør Hanna Relling Berg i Sunnmørsposten. Ordstyrar var Arill Riise i TV2.

28 framlegg til prisen

Juryen for Kulturdepartementets nynorskpris for journalistar hadde møte på Bryne 7. mai 2012. Det låg føre 28 framlegg til prisen. I motsetning til tidlegare år hadde det kome godt med framlegg om avisjournalistar, noko juryen hadde etterlyst fleire gonger.

Juryen hadde ein prinsippdebatt om redaktørar kan få denne journalistprisen, og kom til at underordna redaktørar kan få han, men ikkje ansvarlege redaktørar. Avgjera om å dele prisen vart og drøfta nøye. Det skal ikkje bli ein vane, men juryen fann det rett å gjere det i år. Begge standpunkta vart sjekka ut med Kulturdepartementet etterpå, og godkjende der.

Heile grunngevinga frå juryen:



Hilde Sandvik (Foto/BT) og Katrine Sele (Foto: Bent Are Iversen/Firda)

I juryen for Kulturdepartementet sin nynorskpris for journalistar er NRK-journalist Gry Molvær, leiar. Ho har med seg Tom Hetland, kommentator i Stavanger Aftenblad og forfattar Olaus Nilssen. Magni Øvrebotten er sekretær for juryen.

Hilde Sandvik (1970) er kultur- og debattredaktør i Bergens Tidende, Katrine Sele (1972) er journalist i Firda.

Katrine Sele

er journalist i lokalavisa Firda, som kjem ut i Førde i Sogn og Fjordane. Ho arbeider som både nyhende- og kulturjournalist. Spesialiteten hennar er lange kulturreportasjar, ei blanding av reportasje, kulturartikkel og kommentar. Testane byggjer alltid på eit grundig arbeid på førehand. Ho snakkar med masse folk, har gode kjelder og stiller spørsmål som vi ikkje visste at vi lurde på. Tekstane lever vidare i tankane i lang tid etterpå, og ho er ikkje redd for å vekke debatt.

Sele skriv om folk som til vanleg ikkje kjem til orde i media; *som born og eldre, utviklingshemma* og etterkomarane etter Helene i *Brenningmysteriet* frå krigen. Ho skriv om kultur og kulturelle forhold, alt frå *bykulturen i Florø* til *Countryfestivalen* i Breim. Bak møtet med "vanlege" folk, vaker store spørsmål: Kva handlingar kan vi godta i ein krigssituasjon? Kva gjer at nokon tilgir, andre ikkje? Kva for ein personleg kamp ligg bak vala til folk?

Det er ofte ein slags kulturkommentar innbakt i reportasjane hennar. Det verkar som om ho ynskjer å vise fram idear, tenkemåtar og veremåtar. Ho er ute blant folk, snakkar med einskildpersonar som pregar omgjevnadane, og observerar miljø.

For Katrine Sele vart sidemålet hennar, nynorsk, arbeidsspråket i nynorskavisa Firda. Ho er såleis eit godt døme på at bokmålsfolk kan bli gode nynorskbrukarar, om dei vil, kan og må - og at det er viktig med sidemålsundervising i skulen. Språket hennar er enkelt og godt å lese, ho arbeider med det og har utvikla sin eigen tydelege "signatur". Det er lett å kjenne att det Katrine Sele har skrive.

Hilde Sandvik

er kultur-og debattredaktør i Bergens Tidende. Ho skriv alltid nynorsk i kommentarane og intervjuar sine, og kommentarane set stadig oftare dagsorden både for debattar i sosiale media og i debattprogram i radio og fjernsyn.

Sosiale media har opna ein heilt ny arena for kommentarstoff, og her har Hilde Sandvik skapt eit stort og godt rom ikkje berre for seg, men også for nynorsken. At ho har vorte ein del av det såkalla "kommentariatet", syner seg gjennom deltaking i alt frå debattprogram som Dagsnytt 18 og Aktuelt i NRK2 til prateprogram som Fredagspanelet i NRK P2 og Nytt på Nytt i NRK1.

Berre i løpet av dei siste månadane har ho skapt stor debatt med fleire kommentarar. I oktober 2011 kom ho med eit uredd og viktig bidrag i debatten om korleis kvinnelege skribentar og offentlege samfunnsdeltakarar blir møtt med sjikane, ikkje berre på nettet, men også av seriøse meiningsmotstandarar. Månaden etter skreiv ho *Monsterfabrikken*, der ho gjekk til kraftig åtak på ein venstresidepolitikar som ville mane til varsemd i debatten om innvandring etter 22.juli. Twitter jubla og Facebook kokte, kommentartrådane var mange og både god- og vondorda sat laust. I kommentaren *Kjærleikens sørgereise* viser ho korleis bruk av nynorsk er eit hinder for den som ynskjer seg karriere som journalist eller kommentator i norske media. Samstundes sette ho ord på kor kjenslevart og personleg spørsmålet om bruk av nynorsk er for mange.

Hilde Sandvik er ein uredd debattant, som går til åtak utan nåde når det trengs og som gjer klart og tydeleg greie for argumenta sine. Ho brukar gjerne personlege anekdotar for å belyse viktige saker, og skriv ofte nære og gripande kommentarar som er til inspirasjon for samkjensla i oss, skriv juryen.

Takketalen til Hilde Sandvik

Kjære jury. Kjære publikum.

Takk for at eg blir sett pris på. Det er ei ære å få ein pris, det forpliktar. Det tvinger meg til å måtte reflektere over kva dette inneber. Er eg nynorskjournalist? Og i så fall, kva tyder det?

For min del tyder det at eg har fått – *fått* – eit skriftspråk som gjer at eg tenkjer meg om.

Det tyder også at eg – om eg ikkje vel å skifte skriftspråk – har lukka nokre dører. At eg ikkje har skifta, skuldast kanskje at eg er sta, men meir – at sjølve skriftspråket er eit utsynspunkt å tenkje og sjå frå.

Men, det tyder også at det er eit aldri så lite kjærleiksforhold til nynorsk i botn.

Det er ikkje tilfeldig at det andre år på rad er journalistar med utspring i Bergens Tidende som får nynorskpris. Trass i at BT er sentralt plassert på Vestlandet, er det ikkje opplagt med så mange nynorskskrivande. BT er først og fremst avis for Bergen med omland. Lesarane våre bur i Ytrebygda og Fana. Dei snakkar – og skriv – bokmål. Vi erkjenner også eit kommersielt press for å få mindre nynorsk.

Men: Språkbruken er knytt til den liberaliteten som er i BTs grunnlag, som også handlar om retten til avvik og ei motstand mot einsretting.

I det sentraliserte Noreg er dette i dag ein vesentleg posisjon å ha.

Det går føre seg i dag ei kulturell einsretting med Hovudstaden som sil – for kultur, meining og livssyn – som skaper avmakt andre stader i landet. Først skal ressursar silast gjennom maktapparatet som staten er ein del av, så kan resten av landet få sin del. Ein ser det til dømes i tildelingar frå Kulturrådet. Når Oslo har fått sitt, deler resten av landet på restane. Argumentet er at det er fordi det viktigaste skjer i Oslo. Det er sjølvsagt tull. Det viktigaste skjer i Berlin eller Beijing.

NRK held stram kontroll gjennom overstyring med sine distriktskontor så ikkje for mange talent kjem utanfrå og inn til sentrum. NRK utnyttar ikkje høvet til å dyrke fram fleire alternative stemmer.

Det kulturelle mangfaldet er eit strigla og styrt mangfald.

Nynorsken representerer det mangfaldet som ikkje slepp til. Då kulturrådsdirektør Anne Aasheim var sjef for Østlandssendingen, rekrutterte ho folk med innvandrarakgrunn, men grensa gjekk ved innvandrarak som snakka nynorsk. Når ein skal sosialisera inn, må ein med andre ord gjere det på den godtekne måten.

Aftenposten heiar fram fleirkultur, men når eg deltek med intervju om verda i endring, som eg har gjort til ein sommarserie, må eg skrive på bokmål.

I det styrte mangfaldet blir det farleg å operere på eiga hand. Det styrte mangfaldet skaper klientar, som oppfattar seg som og oppfører seg som klientar.

Nynorskbrukarar blir oppfatta som klientar som staten skal vere grei med. Prisen vi får i dag er med på gi nynorsken klientstatus. Eg, som nynorskjournalist, får klapp på skuldra frå Kulturdepartementet for å halde noko i hevd, så vidt det er. Det tyder også at eg på eitt eller anna vis har spelt med. Spelar ein ikkje med, får ein ingenting.

Er eg no utakknemleg? Nei. Eg men eg meiner ein må revurdere grunnlaget for siling av mangfald og gi til dei som gjer opprør. At ein må tenkje større tankar – strekkje seg til å gjere det ingen andre kan gjere. Ein av desse store tankane er å ta vare på det norske språket. Med det som utgangspunkt er det ikkje grenser for kor mange prisar ein kunne ha delt ut. Ikkje til klientar, men til myndige borgarar.

Har ein språket for auget, kjem det også nynorsken til gode. Det opnar opp for dei utopiske visjonane som ligg i botn av kvart ord eg skriv på nynorsk. Språksamling er

politikk – og utopi. Det er forløysande, det tvingar ein ut or vanen, tvingar ein til å tenkje på nytt.

Nynorsk og bokmål er ikkje jamstelte, men om vi seier det, må nokon ein gong ha tenkt: og dei blei slik.

Bergen er ikkje nynorskens hovudsete, men kva viss ein hadde vore det? Kva skulle ein ha gjort då?

Kva om våre fremste forfattarar og dramatikarar hadde skrive nynorsk (det gjer dei visst)

Kva om Harald Stanghelle hadde skrive kommentarane frå rettssal 250 på nynorsk. Måtte han då ha tenkt seg om?

Kva om Elisabeth Skarsbø Moen hadde starta debattar på det skriftspråket ho vil?

Kva hadde skjedd?

Kjære stat som har finansiert denne prisen. Noreg nyttar ikkje høvet til å bli eit mangfaldig land. Høvet er der.

Takk igjen!

Takketalen til Katrine Sele:

Tusen takk for denne prisen! Det er ei stor ære, og ein inspirasjon til å jobbe vidare med journalistikken.

I grunngevinga for prisen, vart det trekt fram at eg skriv mykje om folk som til vanleg ikkje er å sjå i media. Desse artiklane dreier seg gjerne om eksistensielle eller etiske spørsmål, og ligg litt på sida av nyhendestraumen. Eg er spesielt glad for at dette blir lagt vekt på, for eg brenn for denne typen historier. Prisen er eit sterkt signal til meg om at det er rom for refleksjon i journalistikken.

Å få ein pris for *nynorsk* journalistikk er ekstra stort for meg.

Mi historie med nynorsken er litt spesiell. Eg har dansk mor og ein far som er riksmålsmann av det konservative slaget - heime hos oss heitte det ikkje snø, men sne. I spekteret av det som er norsk språk, er eg vel fødd så langt bort frå nynorsken som det er råd å komme!

Store delar av oppveksten min budde vi utanlands, mellom anna i Zimbabwe og Singapore. I årevis snakka eg dansk heime og engelsk ute blant folk, så eg har gått glipp av alt som heiter sidemålsundervisning. Som barn hadde eg inntrykk av at nynorsk var noko som vart brukt utelukkande i litteraturen og på Dagsrevyen.

Denne ideen om nynorsk forandra seg drastisk etter eg flytta til Sogn og Fjordane. Der hamna eg som 26-åring, på grunn av tilfelle som har med kjærleik å gjere. Eg var superheldig som fekk meg jobb i Firda! Det einaste eg hadde å vise til av arbeidsprøver på nynorsk, var eit portrett av Ragnar Hovland eg hadde skrive på journalistutdanninga. Eg hadde tilfeldigvis komme over diktet «Katten til Ivar Aasen møter hunden frå Baskerville» på ei oppslagstavle ein plass, og tenkt at her var det noko eg måtte utforske nærmare. Portrettet kom på trykk i Klassekampen, og det var faktisk den første

artikkelen eg hadde hatt på trykk i ei avis. Far min ringte forundra men stolt rundt til slekta: «Katrine har fått ein artikkel på trykk! På nynorsk! / Klassekampen!»

Den første tida mi som nynorskjournalist var vanskeleg. Eg gjorde mange pinlege feil, og ein heil del av desse feila hamna på trykk i avisa. Enkelte lesarar sende meg artiklane mine i retur, fulle av raude merke.

Men i Sogn og Fjordane føregjekk det aller meste rundt meg på nynorsk. Kommunale sakspapir, rutetabellar, politiloggar, radiobulletengar: Språket møtte meg i alle samanhengar, og viste seg å kunne brukast til alt mogleg. Eg har eit konkret minne frå det å sitje og skrive politinotisar etter lensmannsrunda. Eg hugsar eg oppdaga at for politiet i Sogn og Fjordane heitte det ikkje å «beslaglegge» noko, men å «kverrsetje». Eg tykte det var eit heilt fantastisk ord! Slike små oppdagingar gjorde eg heile tida, og det begeistra meg.

På eit tidspunkt merka eg at språket hadde flytta inn i meg. Nynorsken var ein del av meg, på lik linje med bokmål, dansk og engelsk. Eg kan sjå no at det er eit språk som har gitt meg utruleg mykje. Som brukar av både bokmål og nynorsk, kjenner eg meg sterkare forankra i norsk historie og kultur. Eg har eit langt større spekter når det gjeld å uttrykkje meg skriftleg på norsk.

Framleis hender det at eg rotar med kjønna, og enkelte verb torer eg aldri å bøye utan å slå opp i Alf Helleviks ordliste, for eksempel: å symje. Men musikken i språket, den synst eg er min. Og for ein musikk! Eg unner alle nordmenn å ha tilgang på den.

Førde 22.10.2012.

Magni Øvrebotten